

---

Saknr: 2020/45098-1  
Saksbehandlar: Rune Åland

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		19.05.2020

## Retningslinjer for heider til OL og VM medaljørar, verds cupvinnarar og verdsrekordar på seniornivå

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til retningslinene som ligg føre i vedlegg til denne saka.

## Samandrag

I denne saka legg fylkesdirektøren fram innstilling til retningslinjer for heider til OL og VM medaljørar, verds cupvinnarar og verdsrekordar på seniornivå.

Føremålet med ordninga er å stimulere og inspirere til vidareutvikling i den aktuelle idretten. Heidring av OL og VM medaljørar, samt verds cupvinnarar og verdsrekordar på seniornivå, har eksistert i Hordaland fylkeskommune sidan 2005. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje hatt ei tilsvarende ordning.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesdirektøren legg her fram retningsliner for heider til OL og VM medaljørar, verdscupvinnarar og verdsrekordar på seniornivå.

Denne ordninga er forankra i regional kulturplan for Hordaland, der det under innsatsområde 37 Idrett står følgjande: *Idrettsutøvarar i mange idrettar markerer seg med gode prestasjonar både nasjonalt og internasjonalt og set Hordaland på kartet. Stipend til unge lovande utøvarar og trenarar, og markering av OL og VM medaljørar (senior), er med å stimulere og inspirere til vidareutvikling i sin idrett.*

I regional kulturplan for Sogn og Fjordane blir det under punkt 8.1.1.3 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv lagt vekt på blant anna *å oppretthalde høg aktivitet innan organisert aktivitet.* Det å sjå toppidrettsutøvarar trene og konkurrere veit ein har positiv effekt på deltaking i både organisert og eigenorganisert aktivitet, og det å ha ei markering for desse toppidrettsutøvarane har ei særleg motiverande effekt på yngre utøvarar.

Hordaland fylkeskommune har sidan 2005 heidra OL og VM medaljørar, verdscupvinnarar og verdsrekordar på seniornivå. Det har vore stor variasjon på kor mange utøvarar som har vorte heidra, men snittet har vore rundt 12 personar dei siste åra. Sogn og Fjordane har ikkje hatt ei tilsvarende ordning på dette feltet.

Det vil naturleg nok vere variasjon i talet på utøvarar som vil vere kvalifisert til å motta fylkeskommunal heider frå år til år. Sjølve utdeling skjer på ei markering i fylkeskommunal regi i desember. Denne vil vere samkøyrte med utdeling av utviklingsstipend til unge lovande utøvarar.

Vidareføringa av den ordninga inn i Vestland fylkeskommune har ført til eit behov for å sjå nærmare på retningslinene, for på den måten å sikre godt nok nivå på dei utøvarane som får heideren.

Retningslinene som har vore brukt tidlegare har fungert godt, og denne saka og det tilrådde byggjer i stor grad på desse erfaringane.

Vedtakskompetanse:

Utval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Det er i budsjett 2020 avsett kr 50.000,- til ordninga.

**Klima:** Ein kan ikkje sjå at ordninga har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2114 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Saman med tilskotsordninga «Utviklingsstipend» er markeringa av OL og VM medaljørar/verdscupvinnarar/verdsrekordar på seniornivå eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i dei to gjeldande regionale kulturplanane. Ved å heidre desse prestasjonane viser ein for yngre utøvarar at det er mogleg her i Vestland fylke, og det gjer oss stolte av heimfylket vårt.

**Innretting og kriteria for Vestland fylkeskommune sin heider av OL og VM medaljørar, verdscupvinnarar og verdsrekordar**

**Føremål:**

Vestland fylkeskommune sin heider av OL og VM medaljørar, verdscupvinnarar og verdsrekordar på seniornivå er meint for å synleggjere særleg store idrettsprestasjonar gjennom sesongen som har vore. For idrettsutøvarane som har fått denne utmerkinga har det vore ei stor ære å ha blitt sett pris på av fylkeskommunen.

**Kven kan bli heidra?:**

For å få fylkeskommunal heider krev ein i utgangspunktet at det er ei olympisk øving. Olympiatoppen Vest gjev innspel til kva utøvarar som har oppnådd kriteria på seniornivå for å kunne bli heidra. I idrettar som ikkje er ei olympisk øving vil fylkeskommunen i lag med Olympiatoppen Vest og den aktuelle særvidretten gjere ei vurdering av nivået. I enkelte idrettar er

det delt opp i ulike klassar som representerer ulike nivå, og det er desse idrettane som vil bli vurdert i slike tilfelle. Utøvarar som får heider må høyre til ein klubb i Vestland fylke. Ein utøvar kan bli heidra fleire gongar.

**Kriteria for å få heider:**

- OL medalje
- VM medalje (særskilde vurderingar i idrettar som ikkje er olympisk øving)
- Verdscupvinnar (særskilde vurderingar i idrettar som ikkje er olympisk øving)
- Verdsrekord (særskilde vurderingar i idrettar som ikkje er olympisk øving)

**Konklusjon**

Fylkesdirektøren vil tilrå at retningslinene blir vedtekne slik som lagt fram i denne saka.